

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune meiner at all auke i maksimal tillaten biomasse skal foregå i lukka anlegg.
2. Alt fór må reinsast for miljøgifter.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at delar av vederlaga bør tilfalla fylkeskommunane for bruk til utvikling av miljøtiltak som bidrar til å hindra rømming av laks, mindre lakselus og bærekraftig og reint fór."

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 12 røyster mot 3 røyster (SV, 1A, KrF) for Oen sitt forslag.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til ein berekraftig vekst innan akvakultur.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til forslag til forskrift om auke i maksimal tillaten biomasse for løyve til akvakultur for oppdrett av laks og aure.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at delar av vederlaga bør tilfalla fylkeskommunane.